



Det er stadig noko som skjer på Børnes industriområde.

Det siste som har skjedd er at Brødrene Hjønnevåg har inngått avtale med kommunen om kjøp av 600 kvadratmeter mellom sitt noverande anlegg og kaia. Kjøpesummen er 108,50 pr. kvadratmeter.

Kommunen har også gjort avtale med Elisabeth K. Onarheim i Herøysund om kjøp av eigedomens hennes for å leggja til rette for vidare utvikling av området, som det heiter i avtalen.

Her er prisen 100.531 kroner fordelt med 64 558 på grunnkjøp, 34 762 på ulempeserstatning og ein diversepost på 1111 kroner.